



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/4408-3

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2015

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2015 for Sogn og Fjordane fylkeskommune slik den ligg føre

Vedlegg:

- Kontrollutvalet sin uttale til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap 2015
- Rekneskap 2015 for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Årsrapport 2015 for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Revisjonsmelding 2015 fra SF revisjon IKS

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal, etter kommunelova § 77 nr. 4, sjå til at rekneskapen vert revidert på ein forsvarleg måte.

Kontrollutvalet skal, i samsvar med forskrift om kontrollutval §7, gje uttale om årsrekneskapen.

Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet. Uttalen skal vere fylkesutvalet i hende tidsnok til at fylkesutvalet kan ta omsyn til den før fylkesutvalet handsamar saka om årsrekneskapen.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har lagt opp til at årsrekneskapen og årsrapporten skal handsamast i fylkesutvalet den 1.juni 2016 og i fylkestinget den 14. - 15. juni 2016.

2. Vurderingar

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune er basert på årsrekneskapen 2015, årsrapport 2015 frå fylkesrådmannen, revisor si revisjonsmelding i tillegg til revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjon av rekneskapen.

Rekneskap og årsrapport vart lagt fram rettidig i følgje revisor. Revisjonsmeldinga er datert 18. april 2016.

Løn- og rekneskapssjef i tillegg til revisor har vore tilgjengelege for kontrollutvalet sitt sekretariat med informasjons om rekneskapen.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat 2015 var på kr. 162 325 967 mot kr. 66 713 074 for 2014. Fylkesrådmannen forklarar den store endringa i netto driftsresultat med i stor grad føringsmåten ein har nytta, som inneber at vi i 2015 må føre over relativt mykje driftsmidlar til investeringar.

Netto driftsresultat hamna i 2015 på 5,4% av driftsinntektene, mot 2,8% i 2014. KS og Kommunaldepartementet har satt opp eit mål om at nøkkeltalet "netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene" bør ligge på over 4 % over tid for at fylkeskommunen skal ha økonomisk handlingsrom og kunne avsetje til investeringar, tiltak som kjem utanom planane og ivareta formuesbevaringsprinsippet i kommunelova.

Rekneskapet viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 57 978 222 mot kr. 43 535 227 året før.

I årsrapporten forklarar fylkesrådmannen overskotet på 58 mill. kroner med ei netto innsparing på sektornivå på om lag 30,6 mill. kroner, og 27,4 mill kroner er innsparingar på fellesinntekter/- utgifter.

Gjeld

Det går fram av årsrapporten til fylkesrådmannen at lånegjelda har auka om lag 800 mill kroner i perioden 2011 – 2013. I løpet av 2014 vart lånegjelda blitt redusert med 25 mill. kroner til 2275 mill. kroner, medan ein i 2015 oppnådde ein reduksjon på om lag 60 mill. kroner.

Kontrollutvalet har dei siste åra signalisert ei uro over auken i den langsiktige gjelda til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Lånegjelda er framleis høg, men det et er positivt å sjå at lånegjelda til fylkeskommunen har blitt redusert dei to siste åra.

Revisjon

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at rekneskapen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Dette er knytt til fleire forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god communal revisionsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer eventuelle avtaler som revisor og kontrollutvalet har inngått

Revisor har ved fleire høve informert kontrollutvalet har om revisjonen av rekneskapen.

Kontrollutvalet har fått informasjon om revisjonsplan og framdrift i revisjonen, der revisor si orientering har peikt på viktigheita av å følgje lover, reglar og god communal revisionsskikk.

Kontrollutvalet har motteke uavhengigkeitserklæring frå revisor. Uavhengigkeitserklæringa handsama utvalet i KU-sak 53/15, der revisor si uavhengigkeit til fylkeskommunen vart stadfesta.

Revisor har følgt opp dei avtaler som er gjort med kontrollutvalet i samband med revisjon av rekneskapen.

Revisjonsmeldinga

Revisor skriv i revisjonsmeldinga at årsrekneskapen viser kr. 2 178 188 467 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 57 978 221.

I revisjonsmeldinga uttaler SF revisjon mellom anna at:

- årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune per 31.desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoens i samsvar med lov, forskrift og god communal rekneskapsskikk i Noreg.

- basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.
- basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter.
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversikteleg registrering og dokumentasjon av fylkeskommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Revisor har i samband med revisjonen av årsrekneskapen for 2014 gjennomført kontrollar opp mot oppfølginga av revisorbrev 01/2014. Konklusjonane av dette arbeidet er presentert i revisorbrev 02 - 2015, som vart sendt fylkeskommunen 4. mai 2015. Kontrollutvalet mottok kopi av oppfølging av revisorbrev 02-2015 3. september 2015. Fylkeskommunen ga i oppfølgingsbrevet greie for status i oppfølginga av revisorbrev 02-2015. Revisor skreiv i uttale til oppfølginga at ein ikkje hadde merknadar til fylkesrådmannen si tilbakemelding. Revisor skreiv også at ein, i samband med interimrevisjonen gjennom året og ved revisjon av årsrekneskapen 2015 gjennomføre kontrollar der ein ser om oppfølginga er tilfredsstillande. Kontrollutvalet handsama oppfølginga i KU-sak 41/15, der utvalet gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek svarbrevet frå fylkesrådmannen til revisorbrev 02-2015 til vitande.
2. Vidare oppfølging av det som er påpeikt i revisorbrev 02-2015 vert gjort i samband med revisjon av årsrekneskapen 2015.
3. Oppfølging av revisorbrev 02-2015 er fullført.

Revisor vil kome tilbake til resultatet av gjennomførde kontrollar av oppfølginga i eit revisorbrev seinare dette året.